

Fra: Irene Velure (Irene.Velure@hfk.no)

Sendt: 09.06.2017 14:58:13

Til:

Kopi: Matti Torgersen

Emne: Svar på Minikonkurranse HFK-15-0372 - Fv 107 Austepollen - Nordrepollen

Vedlegg: image001.gif

Hei, og takk for tilboda.

Det vart gjennomført ein minikonkurranse for Fv107 Austepollen-Nordrepollen basert på Hordaland fylkeskommune si rammeavtale på transportfagleg plan- og utgreiingsarbeid. Tilbodsfrist vart 1 juni 2017. Det kom inn to tilbod, frå Norconsult og Rambøll.

Vår vurdering er at begge tilboda var i tråd med utlysing, og at begge selskapa vil kunne gje ein god fagleg utgreiing av dei spørsmåla som er nemnt i tilbodsgrunnlaget.

Tilboda er i tråd med minikonkurransen, og er vurderte ut i frå følgjande tre kriterium:

- Kompetanse og erfaring
- Oppgåveforståing/løysningsframlegg
- Pris

Dei to første kriteriene er vurderte på ein skala frå 1 til 6.

Begge selskapa tilbyr breitt samansett team av godt erfarne konsulentar som har utført liknande typar av oppdrag før og som dekkjer dei fagområda som er spesifiserte i utlysinga. Begge selskapa er på dette grunnlag gitt poeng 5.

Når det gjeld oppgåveforståing er det ingen grunn til å tvile på at begge selskapa har full forståing av kva oppgåva går i. Norconsult har gitt eit litt meir detaljert framlegg til korleis oppdraget skal gjennomførast. På dette grunnlag er Norconsult gitt 5 poeng på dette kriteriet, og Rambøll 4,5 poeng.

Norconsult har marginalt lågare pris enn Rambøll, og scorar dermed litt betre på dette kriteriet.

Ut i frå ein samla vurdering kjem dermed Norconsult litt betre ut enn Rambøll i denne evalueringa. Oppdraget går dermed til Norconsult.

Venleg helsing

Irene Velure

Spesialrådgjevar

Samferdselsavdelinga | Vegseksjonen



Tlf: 55 23 90 74 | Mob: 915 83 447 | irene.velure@hfk.no

Agnes Mowinckels gate 5 | Pb 7900 | 5020 Bergen

www.hordaland.no